

PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDA

FAGOMRÅDA	0-3 år	4-5 år	Førskule
Kommunikasjon, språk og tekst.	Lære om språket si uttrykksside, gje barna sanseintrykk, oppleve samanheng mellom ord, rytme og rørsle. Dei vaksne må bruke språket aktivt gjennom å lytte, tale, fortelje, lese, og synge. Inspirere og vere aktiv med i leik.	Øve opp evna til å lytte til andre sine forteljingar, og utvikle eigen forteljarkompetanse. Bli kjende med ulike eventyr, rim og reglar, og korleis desse er bygde opp. Tydeleg start, tydeleg slutt. Lære om turveksling i ei samtale.	Barn skal sjå samanheng mellom forteljing og skrift. Sikre at barna kan føre «her og no» samtaler, «der og då», samt kunne tenkje hypotetisk. Øve opp konsentrasjon, og kunne skilje lydar frå kvarandre.
Kropp, rørsle, mat og helse.	Legge til rette for tumleleik. Bli kjende med eigen kropp, og ha respekt for andre sin, kva som kan skade andre. Rytme, rørsle og sangleikar. Trene på å ete/ smake på ulik mat.	Legge til rette for ulike aktivitetar, og leiker både ute og inne. Bruke aktivt naturen, øve på å sjå mulegheiter, og kva som kan hemme. Tilby sunn mat, øve på å like fleire smakar.	Bruke naturen til fysisk utfolding, turar, øve uthaldenheit, utfordre eigne grenser. Oppleve meistring og samhald gjennom , sangleikar, fellesleikar. Vurdere kor mykje, og å kunne kle på seg sjølv. Bli kjend, trygg, øve positiv oppfatning av eigen kropp og kjensle.
Kunst, kultur og kreativitet.	Utvikle skaparglede, og å setje spor. Gjere barna kjende med ulike materiale, gjennom å ta på og å få eksperimentere. Bruke song og drama.	Få styrke dei personlege uttrykka. Få utvikle vidareutvikle metodar, og få kjennskap til nye. Styrke rolle og dramaleik.	Opplive kunst og kultur i nærområdet, med ei spesiell vekt på det maritime. Bruke kystmuseet.
Natur, miljø og teknologi.	Utforske barnehagen, og dei næraste områda. Bruke aktivt «her og no» situasjonar, og ha tid til å undre seg på tur. Bruke akvariet, sjå, undre, samtale, få kjenne på, mate fiskane.	Utvide nærområde omkring barnehagen. Bli kjende med årstidene, og lys og mørke. Livet i sjøen.	Kjennskap til dyr og planteliv, med vekt på livet i sjøen. Lære om miljøet, og å verne det. Eksperimentere og vurdere. Bruke Newtonrommet på Byakvariet.
Etikk, religion og filosofi.	Dei vaksne må vere gode førebilde, vise respekt, tid til undring, gje	Få kjennskap til og markere, kristne, og andre religionar og tradisjonar som er representert i barnegruppa.	Lese om, og formidle kultur og religion, samt tradisjonar frå andre delar av verda. Humanisme, og FN

PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDA

	barna støtte i eigen identitet. Hjelp i konfliktsituasjonar.	Hjelp barna å finne konstruktive løysingar, sjå og høyre andre sine meiningar.	barnekonvensjonar er viktige tema. Personale må skape interesse for forståing og toleranse.
Nærmiljø og samfunn.	Bli kjende med nærmiljøet ved å gå på tur der. Besøke flyplassen, og kystmuseet.	Bli kjende med nærmiljøet, og Florø by. Trekke inn kva foreldre jobber med. Kva yrker kjenner vi til. Bruke naturleikeplassen på Sørstrand.	Bruke naturen i Florø, og omkring. Tur til skulane borna skal gå på. Tur til ei av øyane omkring. Bruke naturleikeplassen på Sørstrand.
Mengd, rom og form.	Lære mengde, en-mange. Jobbe med ulike geometriske former, duplo, spill. Vaksne bruke begrepa bevisst, og vise visuelt.	Utvide begrepsforståing. Reflektere over lite, mindre, større, stor, foran bak. Etc Visualisere.	Eksperimentere og vurdere. Sjå samanhengar i praksis. Stimulere evna til å bruke språket som reiskap for logisk tenking. Sette ord på det vi gjer når vi måler, veg, ser på volum og tid.